

Innspel frå Fjellhaugen skisenter til turlaget ifm opprusting turveg til Nautavatn

Fjellhaugen skisenter legg til rette for friluftsliv om vinteren ved å kjøyra løyper frå Bjørkestølen. Løypene vert kjøyrt frå Bjørkestølen, opp igjennom hyttefeltet før ein tek av og følger elva opp mot Fagnabotn. Dette er eit område som er dels bratt, smalt, og med bekkar som opnar seg ved mildver. Det kan vere utfordrande å kjøyra, og ein må til tider la vere å preparere løyper av omsyn til hms for førar og utstyr.

Om ein kunne ha lagt drenering i partia der det er små bekkar, samt utvida noko på dei smalaste partia så ville ein gjere det enklare og tryggare å laga til gode løyper, samt ein betre nedfart for dei som står på ski om vinteren. Brua som krysser elva ved Fagnabotn kunne og med fordel vore laga noko breiare, då den pr i dag er om lag 15 cm breiare enn belta på trakkemaskina.

Fjellhaugen skisenter ser at området inn til Fagnabu/Nautavatn er svært godt besøkt vinterstid, og legg til rette for gode løyper så langt det er råd. Det er ikkje minst viktig for å komma fort fram ved behov for assistanse/førstehjelp. Spennet i alder på brukarane er så langt vi har registrert frå nokre månader til over 80 år. Vi trur derfor at ei opprusting av vegen opp frå Bjørkestølen og til Fagnabotn har stor verdi for brukarane, for tryggleiken til maskinførarane og ikkje minst for dei som treng assistanse om uhellet er ute.

Mvh

Øystein Svendsen

Driftsleiar Fjellhaugen Skisenter.